

---

Saksnr: 2020/47054-7  
Saksbehandlar: Jostein Hausevik  
Fjærestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.11.2020
Fylkesutvalet		10.12.2020
Fylkestinget		15.12.2020

**Rom- og funksjonsprogram Langhaugen vidaregåande skule**

## Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune godkjenner rom- og funksjonsprogram (RFP) knytt til nytt bygg for kroppsøving og musikk ved Langhaugen vgs. Programmet gjev og rom for ein ekstra parallell i musikk (MDD)

## Samandrag

Med bakgrunn i tidlegare vedteken skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune blei arbeidet med programmering av Langhaugen vgs starta opp i 2019. Skulebruksplanen la i utgangspunktet opp til eit nytt bygg for musikk og kroppsøving med ei budsjettramme på om lag 84 mill.kr.

Fylkestinget fatta nytt vedtak 10.06.20 i sak PS40/2020 Økonomiplan 2021-2024, der prosjektet ved skulen blei utvida til å innehalde moglegheit for ein ekstra parallell i musikk med ei endra budsjettramme til samla 179 mill. kr.

Programmeringsarbeidet som starta i 2019 blei justert og tilpassa det endra vedtaket og ferdig i oktober inneverande år. Prosjektet vert løyst hovudsakleg som eit nytt tilbygg, og eksisterande areal ved skulen vert i mindre grad endra. Skulen vil ved ferdigstilling ha plass til 24 klasser med til saman 720 elevar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Rapport Langhaugen VGS REP720 v2 oversendt 301020

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Med bakgrunn i skulebruksplanen frå 2016 for Hordaland fk. blei arbeidet med programmering av Langhaugen vgs starta opp i 2019. Prosjektet vart i si tid delvis initiert som følgje av fuktsskadar i eksisterande bygg for kroppsøving og i vaktmeisterbustaden.

Skulebruksplanen la derfor opp til eit nytt bygg for kroppsøving med ein del supplerande areal til musikk. Bygget var opphavelig planlagd ferdig i 2022 med ei budsjetttramme på 84 mill. kr.

I arbeidet med rom- og funksjonsprogram var det stort fokus på kva funksjonar som kunne vera plassert i eksisterande bygg. Omsynet til støyskilje mellom aktivitetsrom til musikk, dans og drama (MDD) opp mot skulen si øvrige verksemd på studiespesialisering (ST) vart mykje styrande for løysinga. For å kartlegge gode og moglege løysingar vart det laga ei moglegheitsstudie som var ferdig våren -20.

Fylkestinget gjorde vedtak i juni -20 der prosjektet ved skulen blei utvida til å innehalde ein mogleg ekstra parallell i musikk. Rom- og funksjonsprogram vart endra tilsvarande, og det auka programmet ble i all hovudsak lagt til i det planlagde tilbygget.

Prosjektet blir løyst hovudsakleg som eit tilbygg, og eksisterande areal ved skulen vert i mindre grad endra.

Opplæringstilbodet ved Langhaugen vgs vil ved ferdigstilling kunne vere:

- 450 elevar studiespesialisering (15 klassar)
- 270 elevar MDD (3 danseklasser, 6 musikk-klasse)
- Totalt 720 elevar med til saman 24 klassar

### Gjennomføring

Arbeidet med rom- og funksjonsprogrammet er utført i nært samarbeid med skulen, opplæringsavdelinga og eigedomsavdelinga. Både elevar og tilsette ved skulen har delteke gjennom eit aktivt arbeid i totalt 11 brukargrupper.

Sjølve entreprisen er planlagt gjennomført som ein pris- og designkonkurranse for tilbygget der og dei fleste areal skal plasserast (kroppsøving, MDD og noko undervisningsareal).

Dei areala som skal endrast/byggast om i eksisterande bygg vil bli kontrahert gjennom etablerte rammeavtalar.

### Tomt

Prosjektet på Langhaugen vgs med den planlagde utvidinga kan etablerast innanfor eige tomt.

### Planløysing for Langhaugen vgs.

Prosjektet er i hovudsak tenkt løyst slik:

- Areal for elevtenestar, bibliotek og kantine med kantinekjøkken vert omplassert i eksisterande bygg.
- Øvrige nye areal vert plassert i tilbygg.

### Økonomi

Det er gjort ei grov kostnadsvurdering av prosjektet basert på areal frå rom- og funksjonsprogrammet (RFP), erfaringstal brutto-/nettoareal og byggjekostnader.

Budsjettet tek omsyn til usikkerheit i byggearbeida og kostnadsramma er justert og sett i 2021 kr.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse då prosjektet belastar investeringsbudsjettet i 2021-2024

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Prosjektet for Langhaugen vgs viser ein samla, kalkulert prosjektkostnad på 189 mill. kroner inkl mva. Kostnaden er fordelt i samsvar med planlagt framdrift i perioden 2021 til 2024. Budsjettramma er innarbeidd i framlagt sak budsjett 2021 / Økonomiplan 2021-2024.

**Klima:** Det er ei målsetting at tilbygget til skulen skal byggast med trekonstruksjonar og sertifiserast som Breeam excellent.

**Folkehelse:** Nybygg og rehabilitering vil føre til betre inneklima, prosjektet legg opp til sosiale møteplassar, trygge læringsareal og eit utvida aktivitetstilbod for nærrområde.

**Regional planstrategi:** Skulen er sentralt plassert nært opp til kollektiv kommunikasjon. Areal for kroppsøving vil gi styrking av attraktivitet for området og bruk ut over vanleg skuletid.

### **Konklusjon**

Langhaugen vgs ligg i skulebruksplanen med eit elevtal på 630 elevar som det er mogleg å auka til 720 elevar ved gjennomført prosjekt som lagt fram i denne saka. Prosjektet fører til ei styrking av tilbodet, nye læringsareal for elevar og betre arbeidstilhøve for dei tilsette.

**Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget vedtek rom- og funksjonsprogrammet og budsjettramma slik det går fram av saksframlegget.**